



Dokumentsenter og politisk sekretariat

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	LME	Arkivsaknr:	2018/406
		Arkiv:	014

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
5/19	Valstyret	16.05.2019

### TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING OG VALTING VED KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019.

#### Tilråding:

Valstyret sluttar seg til rådmannen sitt oppsett over tid og stad for røysting slik det det går fram av tabell i saksutgreiinga.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Valstyret - 16.05.2019**

Valstyret sluttar seg til rådmannen sitt oppsett over tid og stad for røysting slik det det går fram av tabell i saksutgreiinga.

Særutskrift:  
Røystelokala  
Servicetorget  
Herøy folkebibliotek  
Helse og omsorgsavdelinga

## Saksopplysningar:

Etter vallova § 8-3, 2. ledd skal det haldast førehandsrøysting på helse og sosialinstitusjonar så nær opp til valdagen som mogleg. I Herøy har dette vore på Herøy helse- og omsorgssenter og på Myrvåg omsorgssenter. Både leigebuarane på eldrebustadane, personale og andre veljarar har høve til å røyste på sjukeheimane.

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje får røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter vallova §8-3, 6. ledd søkje om å få røyste der dei bur. Søknadsfristen skal fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag siste veka før valet.

Dato	Stad	Tid
1. juli – 9. august	Servicetorget, Rådhuset	0900-1500 (kvardagane)
12. august – 6. september	Servicetorget, Rådhuset	0900-1500 (kvardagane)
	Herøy folkebibliotek	Man: 1400-1900
		Tys: 1400-1900
		Ons: 1100-1500
		Tor: 1400-1900
		Fre: 1100-1500
		Lau: 1100-1400
3. september kl. 1500	Søknadsfrist for å få røyste heime	
3. september	Herøy helse og omsorgssenter	1000-1200
4. september	Myrvåg helse og omsorgssenter	1000-1200
<b>Valdagen</b> <b>9. september</b>		
For veljarar i:		
Nerlandsøy røystekrins	Nerlandsøy bedehus	1300-1800
Kvalsvik røystekrins	Kvalsvik bedehus	1300-1800
Runde røystekrins	Runde grendahus	1300-1800
Remøy røystekrins	Remøy og Sævik bedehus	1300-1800
Einedalen røystekrins	Einedalen skule	1300-1800
Bø røystekrins	Bø og Sande grendahus	1300-1800
Bergsøy røystekrins	Herøy kulturhus	0900-1900
Moltu røystekrins	Moltu skule	1300-1800
Tjørvgå røystekrins	Stokksund skule	1300-1800
Myrvåg røystekrins	Møre barne- og ungdomsskule	1300-1800
Leikanger røystekrins	Leikanger Grendahus	1300-1800

Fosnavåg, 07.05.2019

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Frode Hammerseth  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lisbeth Moltu Espeseth